# Søknad om transportteneste for funksjonshemma i Sogn og Fjordane

| **Søkjar** | |
|---|---|
| Namn | Fødseldato(dag,mnd.år) |
| Adresse | Tlf. nr. |
| Postnr. | Poststad |

| **Kryss av for kva for funksjonshemming(ar)** | | **Kryss av rett** | |
|---|---|---|---|
| 1. Rørslehemma | ☐ | Eg nyttar rullestol | ☐ |
| 2. Blind | ☐ | Eg nyttar stokk, krykkje, gåstol | ☐ |
| 3. Svaksynt | ☐ | Eg har grunnstønad frå NAV til transport | ☐ |
| 4. Døv/sterkt tunghøyrt | ☐ | Eg har stønad frå NAV til kjøp av bil | ☐ |
| 5. Psykisk utviklingshemma | ☐ | Min ektefelle/sambuar har transportteneste | ☐ |
| 6. Revmatikar | ☐ | Mi funksjonshemm. blir redusert visse årstider | ☐ |
| 7. Hjartesjuk | ☐ | | |
| 8. Lungesjuk | ☐ | | |
| 9. Psykisk liding | ☐ | | |
| Anna | | | |

| **Eg reiser i dag slik (kryss av for eit eller fleire alternativ)** | |
|---|---|
| Eigen bil | ☐ |
| Drosje | ☐ |
| Sit på med ektefelle/sambuar, anna fam. kjende | ☐ |
| Buss heile året | ☐ |
| Buss, men berre deler av året | ☐ |
| Avstand frå bustad til næraste busshaldeplass | ☐ |

| **Dersom reiserett blir innvilga kan eg reise slik** | |
|---|---|
| Eg kan reise med vanleg drosje | ☐ |
| Eg treng spesialbil (t.d rullestolbrukar) | ☐ |
| Eg kan reise åleine, utan spesiell hjelp | ☐ |
| Eg kan reise åleine, men treng hjelp av sjåfør | ☐ |
| Eg treng å reise saman med eigen fylgjeperson | ☐ |

| **Utfyllande opplysningar om kvifor de søkjer transportteneste** | |
|---|---|
| | |
| Stad/dato | Underskrift |

Søknad kan sendast/leverast:Vik kommune, tenestetorget
Postboks 134, 6891 Vik i Sogn

**ORIENTERING TIL SØKJAR OM TRANSPORTTENESTA**

Transporttenesta er ei fylkeskommunal ordning, men kommunane godkjenner brukarar etter fylkeskommunale retningslinjer. I retningslinjene står det m.a:

"Transporttenesta er meint å vere eit tilbod til funksjonshemma personar som er varig forflyttningshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Det er ein intensjon å prioritere personar med varig livslang forflyttingshemming".

Funksjonshemminga skal vere varig og må vare i minst 1 år for at søkjar skal kunne godkjennast. Graden av forflyttingshemming skal elles leggjast til grunn ved vurdering av søknad, ikkje type funksjonshemming eller alder. Transporttenesta er ikkje meint å vere ei erstatning for eventuelt manglande busstilbod eller til dømes lang veg til haldeplass eller avsidesliggjande bustad.

Det kan såleis godkjennast personar som ikkje kan, eller berre med store (vesentlege) vanskar kan reise med buss.

Kommunane kan prioritere ein søkjar framfor ein annan søkjar. Søkjar kan plasserast på venteliste. Ein brukar blir godkjend for eit år, men ny årleg søknad er ikkje naudsynt. Ein godkjend brukar kan få oppheva si brukargodkjenning, til dømes dersom annan søkjar blir prioritert framfor, eller dersom retningslinjene blir endra.

Transporttenesta er eit tilbod om "dør til dør" transport med drosje eller med småbuss spesielt utstyrt for å transportere funksjonshemma. Transporttenesta er mest eit tilbod om fritidsreiser. Transporttenesta skal ikkje nyttast ved reiser som blir betalt av andre, t.d reiser til/frå lege betalt av folketrygda (trygdekontor). Eigendelen ved slike reiser skal ein betale sjølv som andre pasientar.